

## Referat

Til stades: Maria Høgetveit Berg - leiar, Mari Skeie Ljones - nestleiar  
Nils Øyvind Bergset - nestleiar, Sigurd Johan Heide, Aslak  
O Brimi, Åshild Vetrhus, Tor Stallvik, Helene Bolstad - 2.vara,  
  
Frå adm: Linda Dyrnes, dagleg leiar, Arvid Skancke-Knudsen tillitsvald,  
Andreas Ljones under sak 17, Rannveig Djønne under sakene  
29-31, Trond Stenseth Moe under sak 32.

Tid: 15.mars kl.10-17, 16.mars kl 09-16.  
Stad: Schous

## Sakliste

- Styresak 2012/16 Innkalling og sakliste**
- Styresak 2012/17 Orienterings- og referatsaker**
- Styresak 2012/18 Årsmelding 2011**
- Styresak 2012/19 Rekneskap 2011**
- Styresak 2012/20 Handlingsplan - revidert**
- Styresak 2012/21 Revidert budsjett 2012**
- Styresak 2012/22 Budsjett 2013**
- Styresak 2012/23 Sakliste til årsmøtet**
- Styresak 2012/24 Framlegg til medlemspengar og bladpengar**
- Styresak 2012/25 Vedtekter - meldt sak**
- Styresak 2012/26 Ny representant i valnemnda**
- Styresak 2012/27 Seminar på årsmøtet**
- Styresak 2012/28 Nye heidersmedlemer**
- Styresak 2012/29 Revidert tevlingsreglement og dommarskjema for  
dansetevlinga på Landsfestivalen**
- Styresak 2012/30 Tevlingsreglement for klassa junior samspel på  
Landsfestivalen.**

**Styresak 2012/31 Rutine for årets lokallag**

**Styresak 2012/32 Rutine for årets folkemusikkarrangør**

**Styresak 2012/33 Omlegging av utøvarkatalogen**

**Styresak 2012/34 Kulturpolitikk i FolkOrg**

**Styresak 2012/35 Attendemelding Kulturutredninga 2014**

**Styresak 2012/36 Eventuelt**

**Drøftingar og tema:**

**Fredag 16.mars kl.09.00-10.30 kom dagleg leiar ved Riksscenen, Helge Skansen, for å fortelje om Riksscenen, og for å drøfte samarbeid vidare. Oppsummering frå denne delen ligg ved.**

### **Styresak 2012/16 Innkalling og sakliste**

*Vedtak:* Innkalling og sakliste vart godkjend.

### **Styresak 2012/17 Orienterings- og referatsaker**

- a) Driftsrapport
- b) Informasjon om lesarundersøkinga
- c) Haugerufondet - referat frå årsmøtet.
- d) Referat frå møte i fagutvalet for yrkesutøvarar.
- e) Samstemp! sine innspel til statsbudsjettet 2013
- f) Uttale frå NU om samarbeid om kontingent: " *Styret i Noregs Ungdomslag ønskjer ikkje å starte ein prosess for å gje kontingentrabatt til medlemmer og lag som også er medlemmer i FolkOrg. Aktiviteten til NU femnar mykje vidare enn folkedans- og folkemusikkarbeid, og styret meiner det vil vere vanskeleg å forsvare ein slik rabatt overfor dei medlemmene og laga som driv med andre aktivitetar.*"

*Vedtak:* Orienterings- og drøftingssakene vart teke til orientering.

### **Styresak 2012/18 Årsmelding 2011**

*Vedtak:* Framlegg til årsmelding 2011 vart vedteke med nokre få presiseringar.

### **Styresak 2012/19 Rekneskap 2011**

*Vedtak:* Førebels rekneskap for 2011 vert teke til orientering. Revisorgodkjent rekneskap vert sendt ut per e-post når det er klart. Vi legg fram totalen og avdelingsvise rekneskap til årsmøtet. Styret gir administrasjonen fullmakt til å avskrive gamle opne postar i rekneskapen frå dei tidlegare organisasjonane.

### **Styresak 2012/20 Handlingsplan – revidert**

*Vedtak:* Framlegg til revidert handlingsplan vart vedteke som styrets framlegg til årsmøtet, med dei endringar som vart gjort i møtet. Endleag framlegg til revidert handlingsplan ligg ved.

### **Styresak 2012/21 Revidert budsjett 2012**

*Vedtak:* Framlegg til revidert budsjett 2012 vart vedteke.

### **Styresak 2012/22 Budsjett 2013**

*Vedtak:* Framlegg til budsjett 2013 vart vedteke.

### **Styresak 2012/23 Sakliste til årsmøtet**

**Vedtak:** Framlegg til sakliste for årsmøte 2012 vart vedteke, med den endringa at sak om kontingent vert som sak 10 i staden for sak 8.

### **Styresak 2012/24 Framlegg til medlemspengar og bladpengar**

#### ***Medlemspengar:***

Administrasjonen sitt framlegg om medlemspengar:

2013: 225/100

2014: 250/120

vart satt opp mot framlegget frå Aslak Brimi:

2013: 250/100

2014: 250/100

*Framlegget frå Aslak Brimi vart vedteke med 5 mot 3 stemmar.*

#### ***Bladpengar:***

Styret gjorde eit alternativt framlegg om bladpengar som vart samrøystes vedteke:

2013: 410/340

#### ***Vedtak:***

***Framlegg frå styret til årsmøtet på medlemspengar og bladpengar er:***

#### ***Medlemspengar:***

*Medlemspengar for 2013 vart sett til kr 250 for vaksne, og kr 100 for born.*

*Medlemspengar for 2014 vart sett til 250 for vaksne, og kr 100 for born.*

#### ***Bladpengar:***

*Bladpengar for 2013 vart sett til kr 410, ordinær pris, og kr 340 for medlemmar og studentar.*

### **Styresak 2012/25 Vedtekter – meldt sak**

**Vedtak:** *Framlegg til saksframlegg vart vedteke, med dei endringar som kom fram i møtet. Framlegg til vedtak til årsmøtet: Årsmøtet står ikkje framlegg til nye vedtekter frå Ivar Schjølberg.*

### **Styresak 2012/26 Ny representant i valnemnda**

**Vedtak:** *Styret i FolkOrg gjer framlegg om Sigurd Johan Heide som nytt medlem i valnemnda i FolkOrg.*

### **Styresak 2012/27 Seminar på årsmøtet**

*Vedtak: Seminarprogram på årsmøtet vert slik:*

09.00-12.00 Framtida til Lanskappleiken og Landsfestivalen

12.00-13.00 Korleis vert de ulike medlemsgruppene i FolkOrg høyrd og teke omsyn til?

Aslak Brimi innleiar om Lanskappleik og Landsfestival: *Korleis kan vi best utvikle dagens arrangement?*

Nils Øyvind Bergset innleiar om Lanskappleik og Landsfestival: *Kva for utfordringar og fordelar kan eit samla arrangement ha?*

*Mari Skeie Ljones innleiar om Korleis vert de ulike medlemsgruppene i FolkOrg høyrd og teke omsyn til?*

### **Styresak 2012/28 Nye heidersmedlemer**

*Vedtak: Ikke offentleg før utdelinga.*

### **Styresak 2012/29 Revidert tevlingsreglement og dommarskjema for dansestevlinga på Landsfestivalen**

*Vedtak: Styret vedtek det nye dommarskjemaet i pardans under Landsfestivalen og retningslinjene for bruken av dette med dei merknadar som kom fram i møtet. Dei nye retningslinjene ligg ved referatet. Tevlingsreglementet vert ikkje endra. Det vert utarbeidd ein skala for kor mange par som kjem til finalen ut får tal på deltakarar.*

### **Styresak 2012/30 Tevlingsreglement for klassa junior samspel på Landsfestivalen.**

*Vedtak: Endringane i tevlingsreglementet vart godkjend med desse endringane:*

- *Punkt A 4, kulepunkt 7: "Ingen over 18 år kan deltag i desse klassane"*
- *Punkt A, 8, " I junior samspel spelar ein 4 slåttar til dans i finalen – der den første slåtten er lydprøve."*

Det reviderte tevlingsreglementet ligg ved.

### **Styresak 2012/31 Rutine for årets lokallag**

*Vedtak: Styret vedtek å legge vekt på godt rekrutteringsarbeid innan folkemusikk – og folkedans i høve utdeling av prisen til årets lokallag 2012. Framdriftsplanane for arbeidet med prisen i 2012 og 2013 vart godkjende.*

### **Styresak 2012/32 Rutine for årets folkemusikkarrangør**

Vedlegg: Vedtekne retningslinjer

*Vedtak: Styret vedtek retningslinjene med dei endringane som vart gjort i møtet. Vedtekne retningslinjer ligg ved.*

### **Styresak 2012/33 Omlegging av utøvarkatalogen**

*Vedtak: Administrasjonen utarbeidar ein enkel utøvarkatalog som berre gjeld yrkesutøvarane. Den skal innehelde bilde, namn, fødselsdato, kva ein er utøvar i og lenke til heimeside eller tilsvendar. Administrasjonen søker stønad til eit større prosjekt der målet er ein biografibase over sentrale utøvarar innan folkemusikk og folkedans til alle tider.*

### **Styresak 2012/34 Kulturpolitikk i FolkOrg**

*Vedtak: Styret vedtek framlagte prosess. Fagutvalet for yrkesutøvarar kjem med innspel på punktet om yrkesutøvarar i dokumentet. Administrasjonen fullfører dokumentet.*

### **Styresak 2012/35 Attendemelding Kulturutredninga 2014**

*Vedtak; administrasjonen utarbeider et framlegg til attendemelding som sendast ut til godkjenning til styret i etterkant.*

### **Styresak 2012/35 Eventuelt**